



Optibo AS
Totlandsv 2
5224 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4852 - 15/2830

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
06.02.2015

Ferdigattest - støyskjerm gbnr 137/333 og 137/678 Alver

Vi syner til søknad om ferdigattest journalført den 27.01.2015.

Vedtak:

Kommunen gjev med dette ferdigattest for ovannemnde tiltak, jf. plan- og bygningslova § 21-10.

Spesifikasjon:

Byggestad: 137/333 og 678
Type tiltak: Støyskjerm
Vedtak: Delegert sak handsama 09.09.2013 som sak
2013/2532-0-20776/2013

Ferdigattesten vert gjeve etter søknad når det ligg føre naudsynt sluttdokumentasjon og fråsegn ferdigstilling, jf byggesaksforskrifta § 8-1.

Ferdigattesten er ikkje ein stadfesting på den tekniske kvaliteten ved tiltaket, men ein stadfesting på bygningsstyresmaktene si avslutning av saka.

Byggverket eller deler av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det som er fastsett i dei løyver som er gjevne tidlegare.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og



at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Optibo AS

Totlandsv 2

5224

NESTTUN